



Arkivnr: 2016/4130-44  
Saksbehandlar: Tor Ivar Sagen Sandvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		15.05.2018
Fylkesutvalet		31.05.2018
Fylkestinget		12.06.2018

## Utviding av musikktilbodet ved Langhaugen vgs

### Samandrag

Ved handsaming av fylkesbudsjett 2018, økonomiplan 2019-2021 (sak PS 105/2017) blei det vedteke følgjande knytt til musikklinje på Langhaugen videregående skole:

«Fylkestinget løyver 500 000 til å utvida musikktilbodet på Langhaugen på grunn av aukande interesse for å ta vidaregåande utdanning med musikkfag.

Musikklinje Langhaugen vgs. På utvalde offentlege skular i Hordaland kan elevane søke på musikklinjer. Desse er særst populære og har ofte høge inntakspoeng. På sikt ønskjer vi å kunne utvide musikktilbodet på Langhaugen vgs, og gjere tilbodet tilgjengeleg for fleire enn i dag. Vi ber fylkesrådmannen komme tilbake med ei sak på korleis dette kan realiserast.»

Med bakgrunn i vedtak i sak PS 105/2017 vurderer fylkesrådmannen i denne saka kva kostnader som vil følgje av ei utviding av musikktilbodet på Langhaugen vgs, i tillegg til konsekvensar for dimensjonering av studieførebuande tilbod i HFK. Utgangspunktet for vurderinga er ei utviding av MDD-tilbodet på Langhaugen vgs med ein parallell, tilsvarande 90 elevplassar.

Ei utviding av musikktilbodet ved Langhaugen vgs vil ligge noko fram i tid, då det er naudsynt med investeringar ved skulen for å realisere ei utviding. Når fylkeskommunen dimensjonerer elevplassar for Musikk, dans og drama (MDD) framover, må det takast omsyn til den totale kapasiteten innanfor studieførebuande utdanningsprogram. Elevar som søkjer seg til MDD og ikkje får plass, vel som oftast studiespesialiserande (ST) som alternativ, og då i den regionen dei søkte MDD.

**Økonomi:** Utviding av musikktilbodet på Langhaugen vgs vil innebere ein investeringskostnad på om lag 88 mill. kroner. (85 mill. kroner i byggekostnader, 2,9 mill. kroner i musikkutstyr), samt ein årleg driftskostnad for fylkeskommunen på om lag 6 mill. kroner.

**Klima:** Ingen kjende effektar

**Folkehelse:** Ingen kjende effektar

**Regional planstrategi:** Ingen kjende effektar

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget tek saka til orientering.
2. Løyvde midlar på kr. 500 000 blir nytta til frikjøp av avdelingsleiar og å dekkje vikarkostnadar for plasstillitsvald, samt finansiere studietur til aktuelle skular. Eventuelle restmidlar går til investering i naudsynt utstyr.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 19.04.2018

### Bakgrunn

Ved handsaming av fylkesbudsjett 2018, økonomiplan 2019-2021 (sak PS 105/2017) blei det vedteke følgjande knytt til musikklinje på Langhaugen vidaregåande skole:

«Fylkestinget løyver 500 000 til å utvida musikktilbodet på Langhaugen, på grunn av aukande interesse for å ta vidaregåande utdanning med musikkfag.

Musikklinje Langhaugen vgs. På utvalde offentlege skular i Hordaland kan elevane søke på musikklinjer. Desse er særst populære og har ofte høge inntakspoeng. På sikt ønskjer vi å kunne utvide musikktilbodet på Langhaugen vgs, og gjere tilbodet tilgjengeleg for fleire enn i dag. Vi ber fylkesrådmannen komme tilbake med ei sak på korleis dette kan realiserast.»

Med bakgrunn i vedtak i sak PS 105/2017 vurderer fylkesrådmannen i denne saka kva kostnader som vil følge av ei utviding av musikktilbodet på Langhaugen vgs, i tillegg til konsekvensar for dimensjonering av studieførebuande tilbod i HFK. Utgangspunktet for vurderinga er ei utviding av tilbodet på Langhaugen vgs med ein parallell, tilsvarande 90 elevplassar.

### Dimensjonering av studieførebuande tilbod

Ei utviding av musikktilbodet ved Langhaugen vgs vil ligge noko fram i tid, då det er naudsynt med investeringar ved skulen for å realisere utvidinga. Når fylkeskommunen dimensjonerer elevplassar for Musikk, dans og drama (MDD) framover, må det takast omsyn til den totale kapasiteten innanfor studieførebuande utdanningsprogram. Elevar som søker seg til MDD og ikkje får plass, vel som oftast studiespesialiserande (ST) som alternativ, og då i den regionen dei søkte MDD. Det er t.d. ikkje grunnlag for å seie at elevar som søker plass på MDD på Langhaugen, vil ha MDD på Voss gymnas og/eller Stord vgs som andre- og tredjeval. Om fylkeskommunen utvidar musikktilbodet på Langhaugen vgs, vil det derfor vere naturleg å sjå dette opp mot den totale dimensjoneringa av elevplassa på ST i Bergensregionen.

### Musikktilbod i HFK og Sogn og Fjordane

Skulebruksplan 2017-2030 legg til grunn ei ramme på 495 elevplassar på Musikk, dans og drama (MDD). MDD blir i dag tilbydd ved Langhaugen vgs, Stord vgs, Voss gymnas og Fyllingsdalen vgs. Dei tre førstnemnde skulane tilbyr programområde for musikk på Vg2 og Vg3. Av private skular har Bergen Private Gymnas og Kongshaug Musikkgympnas også dette tilbodet.

I Sogn og Fjordane er det i dag Firda vidaregåande skule i Nordfjord som tilbyr MDD, med programområde innanfor heile utdanningsprogrammet.

### Skular som tilbyr MDD i Hordaland

Region	Skule	Elevtal MDD 2017/18*	Dimensjonering MDD gjennom SBP	Elevtal musikk 2017/18 Vg2 og Vg3*
Bergen sør	Langhaugen vgs	170	180	60
Bergen vest	Fyllingsdalen vgs	105	180	-
Voss	Voss gymnas	37	45	21
Sunnhordland	Stord vgs	51	90	31
-	Bergen Private Gymnas	80		53
-	Kongshaug Musikkgympnas	120		79


Tabell 1: MDD i Hordaland. \* Eksklusiv eventuelle sluttarar.

## Elevtal MDD Vg1 til Vg3

Skule	Elevtal per trinn og totalt			
	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Langhaugen vgs	59	54	57	170
Fyllingsdalen vgs	42	35	28	105
Stord vgs	20	14	17	51
Voss gymnas	16	15	6	37
Bergen Private Gymnas	27	26	27	80
Kongshaug Musikkgymnas	41	39	40	120
<b>Sum offentlege skular</b>	<b>137</b>	<b>118</b>	<b>108</b>	<b>363</b>
<b>Sum offentlege og private skular</b>	<b>205</b>	<b>183</b>	<b>175</b>	<b>563</b>

Tabell 2: Elevtal MDD Vg1-Vg3 i HFK. Skuleåret 2017/18.

Figuren under viser at elevtalet på Vg2 og Vg3 musikk er varierende mellom dei skulane som har tilbodet i dag. Som vist i tabellane over er tilboda mellom skulane ulike, der Stord og Langhaugen har størst kapasitet. Langhaugen vgs ligg stabilt på eit høgt elevtal samla på Vg2 og Vg3 (både musikk og dans), medan Voss gymnas i motsett ende har ein større variasjon med ein nedgang frå 2013 til ein auke igjen inneverande skuleår.



Figur 1: Tal elevar på Vg2 og Vg3 musikk, 2012-2017. Offentlege skular.

### Studiespesialiserande tilbod i Bergen sør, vest og sentrum

Tabellen under viser skular i region Bergen sør, vest og sentrum som tilbyr ST, elevtal inneverande skuleår og kva tal dei er dimensjonerte med gjennom SBP.

Region	Skule	Elevtal ST 2017/18	Dimensjonering SBP
Bergen sør	Langhaugen vgs	457	450
Bergen sør	Nordahl Grieg vgs	546	630
Bergen sør	Sandsli vgs	417	450
Bergen vest	Olsvikåsen vgs	276	360
Bergen vest	Fyllingsdalen vgs	242	360
Bergen sentrum	Amalie Skram vgs	767	720
Bergen sentrum	Bergen Katedralskole	663	698
Bergen sentrum	Årstad vgs*	51	180

Tabell 3: Studiespesialiserande tilbod i Bergensregionen.

\* Årstad sitt ST-tilbod starta opp hausten 2016, og har i dag ei gruppe på Vg1, og ei gruppe på Vg2.

### Auka kostnader ved utviding av musikktilbod

For å vurdere auka driftskostnader ved utviding av musikktilbodet ved Langhaugen vgs, er det i denne saka vurdert ein reduksjon i tal elevplassar på ST tilsvarande ein auke i elevplassar på MDD.

Tabellen under viser differanse i kostnader per elev på høvesvis ST og MDD. Tabellen viser at kostnadene per elev på MDD er monaleg høgare enn på ST. Ved ei utviding av musikktilbodet på Langhaugen vgs, tilsvarande 90 elevar, vil det med utgangspunkt i desse tala utgjere ein meirkostnad på om lag 5 mill. kroner kvart år.

KOSTRA-tala viser kostnadene for MDD samla sett. Programområdet musikk har likevel monaleg høgare kostnad per elev enn programområda dans og drama, noko som trekkjer ned gjennomsnittskostnaden vist i KOSTRA-tala. Årsaka er dei mange einetimane som elevane har på musikk. Når ein korrigerer for dette, er det rimeleg å gå ut i frå at meirkostnaden for ein ekstra parallell på musikk vil vere om lag 6 mill. kroner per år.

Utdanningsprogram/differanse	Kostnad
Kostnad MDD Landet utan Oslo	119 386
Kostnad ST Landet utan Oslo	64 014
Differanse	55 372
Meirkostnad i auke med ein parallell MDD og nedtrekk ein parallell ST (KOSTA):	
90 elevar (30 per trinn) x 55 372 = kr. <b>4 983 480.</b>	

Tabell 4: KOSTRA-tal ST og MDD.

### Naudsynte investeringar ved utviding av musikktilbod

I investeringsplanen knytt til skulebruksplan 2017-2030 er det allereie vedteke eit nybygg på 2000 m2 som skal erstatte eksisterande bygg for kroppsøving (1130 m2) og nye areal til musikkrom. Desse utbyggingane er ikkje tilstrekkelege ved ein auke i musikktilbodet. Ein ekstra parallell musikk vil derfor krevje ytterlegare investeringar på skulen.

Ei teoretisk berekning viser at det krevst ytterlegare 1250 m2 og ei investering på om lag 55 mill. kroner for ein ekstra parallell MDD/musikk. Desse berekningane inkluderer ikkje bygging av konsertsal/auditorium med utstyr, med rom til 300 personar. Dette vil krevje om lag 500 m2 og gi ein kostnad på 30 mill. kroner. Skulen har i dag ikkje auditorium, så ei slik bygging vil gi fleire fordelar knytt til t.d. personalmøte og samling av større elevgrupper. Eit slikt bygg kan også leigast ut ved høve.

Ved ei utviding med ein ekstra parallell musikk må fylkeskommunen også investere i naudsynt musikkutstyr tilpassa elevane si opplæring. Dette vil utgjere ein kostnad på om lag 2 900 000 kroner.

#### Samla oversikt kostnader for utviding av musikktilbod

Kostnader utviding av musikktilbod på Langhaugen vgs		
	Investering NOK	Drift NOK
Investering i bygg for ein ekstra parallell	55 000 000	
Konsertsal/auditorium	30 000 000	
Skulen sitt overslag for innkjøp av musikkutstyr	2 900 000	
Auka driftsutgifter ein parallell musikk		6 000 000 (ca.)

Tabell 5: samla oversikt kostnader

#### Disponering av 500 000 kr for å utvide musikktilbodet på Langhaugen vgs

Jf. sak PS 105/2017 løyvde fylkestinget i desember 2017 kr. 500 000 for å utvide musikktilbodet ved Langhaugen vgs.

Fylkesrådmannen meiner det er naudsynt å nytte deler av dei løyvde midlane til å utgreie eit utvida musikktilbod ved Langhaugen vgs. Det inneber å disponere deler av midlane til frikjøp av tid til avdelingsleiar for å følgje opp arbeid lokalt, samt dekkje m.a. vikarkostnader for plasstillitsvald i samband med møtedeltaking og studieturar/synfaring til skular som er aktuelle å besøke for å greie ut ei utviding av musikktilbodet ved skulen.

Eventuelle restmidlar kan nyttast til å investere i naudsynt utstyr som følgje av utvidinga.